Det helsevitenskapelige fakultet
Arkivref: 2019/1958/AHO027
Dato: 05.06.2019

SAKSFRAMLEGG

Til:	Møtedato:	Sak:
Fakultetsstyret for Det helsevitenskapelige fakultet	18.06.2019	

Utredning av framtidig instituttstruktur på Helsefak

Innstilling til vedtak:

1. Fakultetsstyret takkar for arbeidet som er gjort med gjennomgang av instituttstrukturen ved Helsefak.
2. Fakultetsstyret godkjenner forslaget til svar frå Helsefak til Universitetsdirektøren om instituttstrukturen ved fakultetet, der tilrådinga er ikkje å endre strukturen i inneverande dekanperiode.

Grunngjeving:
Helsefak er i brev frå Universitetsdirektøren (11.9.18, arkivref. 2018/4228) bede om å vurdere instituttstrukturen ved fakultetet. Dette er å rekne som ei oppfølging av fakultetsgjennomgangen, der det vart annonsert at ein òg skulle vurdere instituttstrukturen. Jamfør brevet er det opp til fakultetet sjølv å avgjere metodikken for arbeidet – arbeidsgrupper, saksutgreiing eller liknande. Frist for fakultetet å koma med sine tilrådingar til universitetsdirektøren er 1.7.2019.

Saka er innledningsvis diskutert på to leiarmøte hausten 2018, og det var semje om å nytte saksutgreiing som metode. Det tyder at fakultetsleiinga lagar eit notat som både dekanatmøtet og leiarmøtet drøftar, omarbeider og sender på behandling ved institutta. Fakultetsleiinga drøfta notatet på leiarsamling i Harstad 1. april 2019. Notatet vart drøfta i møte med dei tillitsvalde 23. april 2019, og var lyfta til fakultetsstyret på møtet 26. april 2019. Fakultetsstyret kom med innspel og bad i vedtak om at notatet vart sendt til handsaming ved institutta på fakultetet før fakultetsstyret vedtek endeleg svar til Universitetsdirektøren 18.06.2019. Det kom inn skriftleg innspel frå IVP og IHO.

Universitetsdirektøren har særskild bede fakultetet om å vurdere følgande tre moment i saka:

Faglig sammensetning og faglig samarbeid
Det er ulike faglige prinsipper som ligger til grunn for dagens institutter på Helsefak. Enkelte er organisert ut fra disiplinfag, andre er basert på profesjonsfaglige utdanninger, eller særskilte oppdrag gitt av overordnede myndigheter. Hvor godt tilrettelegger dette for

faglig samarbeid knyttet til utdanning, forskning og innovasjon? Vil sammenslåinger av noen av dagens enheter legge bedre til rette for fremtidig faglig utvikling, for eksempel i møtet mellom disiplin og profesjonsfag?

Størrelse
Instituttene på Helsefak er av ulik størrelse, og enkelte av enhetene er relativt små. Mener fakultetet at dagens institutter har en hensiktsmessig størrelse, eller vil det være administrative/ledelsesmessige gevinster å hente på å etablere noen flere større enheter internt på Helsefak?

Parallelle fagmiljø
UiT har flere nært beslektede eller parallelle fagmiljø som finnes på to eller flere fakulteter. Er det enheter/fagmiljø på andre fakulteter som, etter Det helsevitenskapelige fakultets vurdering, bør vurderes sammenslått med enheter på dagens Helsefak?

Oppsummering
Med utgangspunkt i ein grundig gjennomgang av dagens struktur er innspelet frå Helsefak at Universitetsdirektøren ikkje bør endre instituttstrukturen ved fakultetet i inneverande dekanperiode. I svaret vert det gjort greie for dei tre momenta Universitetsdirektøren bad om. I tillegg vert andre særleg relevante faktorar drøfta, som historikk kring dagens struktur.

Thrina Loennechen
Dekan

Trond Nylund
Konstituert fakultetsdirektør

Saksbehandlar Åsne Ø. Høgetveit

Dokumentet er elektronisk godkjend og krev ikkje signatur

Vedlegg
1 Gjennomgang av instituttstrukturen på Helsefak
2 Gjennomgang av instituttstrukturen på Helsefak 27.05.2019